



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset i Samnanger
Dato: 04.12.2017
Tidspunkt: 14:00 – 16:30

Følgjande faste medlemmer møtte:

| Navn | Funksjon | Representerer |
|---------------------|-----------|---------------|
| Brigt Olav Gåsdal | Leiar | AP |
| Anne Tandstad | Nestleiar | SP |
| Svein Verner Røseth | Medlem | FRP |
| Vibeke Bohre Våge | Medlem | H |
| Øystein Foss | Medlem | BL |

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

| Navn | Funksjon | Representerer |
|------|----------|---------------|
| | | |

Følgjande varamedlemmer møtte:

| Navn | Møtte for | Representerer |
|------|-----------|---------------|
| | | |

Merknader**Andre som møtte:**

| Navn | Stilling |
|---------------------|--|
| Unni Renate Moe | Partner / reknesk.revisor Deloitte i PS 36 – 38/17, PS 40/17 og RS 22/17 |
| Kari Gåsemyr | Forvaltningsrevisor Deloitte i heile møtet |
| Knut Harald Frøland | Ordførar i heile møtet |
| Kari Nygard | Seniorrådgjevar Hordaland fylkeskommune – i heile møtet |

Brigt Olav Gåsdal
utvalsleiar

Kari Marie Nygard
utvalsssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

| Utvalgs-saksnr | Innhold | Lukket | Arkiv-saksnr |
|----------------|--|--------|--------------|
| PS 36/17 | Godkjenning av innkalling og sakliste | | |
| PS 37/17 | Godkjenning av protokoll frå forrige møte | | |
| PS 38/17 | Handsaming av revidert notat vedr. konsesjonssak Aldalselva | | 2016/97 |
| PS 39/17 | Vidare arbeid med plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 - ny handsaming | | 2015/131 |
| PS 40/17 | Interimsrevisjonsrapport 2017 for Samnanger kommune | | 2016/38 |
| PS 41/17 | Referatsaker | | |
| RS 21/17 | Utvælet sitt kvarter | | 2014/240 |
| RS 22/17 | Melding om endring av revisjonsteam i kommunar | | 2014/238 |
| RS 23/17 | Rekneskapsoversyn kontroll og tilsyn pr. 23.11.17 | | 2016/37 |
| RS 24/17 | Invitasjon til NKRF sin kontrollutvalgskonferanse | | 2014/426 |
| PS 42/17 | Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval | | 2015/133 |
| PS 43/17 | Eventuelt | | |

PS 36/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.12.2017

Handsaming i møtet:

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

PS 37/17 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.12.2017

Handsaming i møtet:

Det kom ingen merknader til protokoll frå møte i kontrollutvalet 03.10.17.

Vedtak:

Møteprotokoll frå kontrollutvalet sitt møte 03.10.17 vart samrøystes godkjent.

PS 38/17 Handsaming av revidert notat vedr. konsesjonssak Aldalselva

Forslag til innstilling

1. Kommunestyret merkar seg det som kjem fram i revidert notat frå Deloitte datert 27.11.17.
2. Kommunestyret har særleg merka seg at det skal vera fokus på:
 - At reglement for sakshandsaming og delegering vert følgt i alle saker.
 - At protokollar frå kommunestyremøta vert korrekte med omsyn til å visa tydeleg kva vedtak som vart røysta over og korleis det faktisk vart røysta.
 - At det vert rutine for at habilitetsvurderingar blir gjennomført i saker der dette er naudsynt.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.12.2017

Handsaming i møtet:

Utvalsleiar orienterte innleiingsvis om bakgrunn for saka og Kari Gåsemyr frå Deloitte gjennomgjekk det reviderte notat.

Situasjonar der saker kjem opp utanom ordinær sakliste, til dømes under «Utvælet sitt kvarter», eller som referatsak / melding, vart drøfta. Det vart peika på at det i slike høve er viktig at det vert røysta over om saka skal bli teke opp til handsaming i møtet, berre «takast til orientering», eller utsetjast. Dersom det blir vedteke at den skal takast opp til handsaming, må ein sjå til at regelverket for korleis folkevalde organ fattar vedtak vert følgt. Herunder evt. vurdering av habilitetsspørsmål, tydeleg formulering av kva vedtak det skal røystast over og korleis avrøysting faktisk blir gjennomført. Dette må koma klart fram av møteprotokoll.

Kontrollutvalet fekk opplyst at ordførar nå har teke initiativ til at generell formulering av spørsmålstilling vedr. habilitet skal stå i innkallingar til alle politiske møter. Utvalsleiar tok opp at dette også bør gjelde innkallingar til kontrollutvalet sine møter. Med desse meiningsytringane vert saka oversendt til kommunestyret. Forslag til innstilling til kommunestyret vart samrøystes vedteke.

Innstilling:

1. Kommunestyret merkar seg det som kjem fram i revidert notat frå Deloitte datert 27.11.17.
2. Kommunestyret har særleg merka seg at det skal vera fokus på:
 - At reglement for sakshandsaming og delegering vert følgt i alle saker.
 - At protokollar frå kommunestyremøta vert korrekte med omsyn til å visa tydeleg kva vedtak som vart røysta over og korleis det faktisk vart røysta.
 - At det vert rutine for at habilitetsvurderingar blir gjennomført i saker der dette er naudsynt.

PS 39/17 Vidare arbeid med plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 - ny handsaming

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av innkjøpsarbeid i Samnanger kommune.
2. Deloitte vert beden om å levera forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, evnt. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan vert å levera til sekretariatet seinast innan 12.12.17, og skal godkjennast i neste møte / evt. at utvalsleiar i samråd med sekretariat får fullmat til å godkjenna prosjektplanen.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.12.2017

Handsaming i møtet:

Innleiingsvis vart bakgrunn for å velja innkjøpsarbeid som prosjekt for forvaltningsrevisjon drøfta, og det var semje i kontrollutvalet om valg av dette prosjektet. Kari Gåsemøy frå Deloitte orienterte om kva vurderingar som ligg i overordna analyse og fokusområder som kan vera aktuelle å setja søkelyset på.

Det var semje om at formålet med prosjektet bør vera å sjå på om kommunen etterlever regelverk for offentlege innkjøp. Det bør vidare undersøkast korleis innkjøpsarbeid i kommunen er organisert og kva rutiner ein har for dette arbeidet. Både rutinar for innkjøp av varer og tenester bør gjennomgåast. Vidare vil det vera aktuelt å sjå på rammeavtaler som er inngått, interkommunalt samarbeid, organisering av innkjøpsarbeid, kompetanse og fullmakter.

Kontrollutvalet ønskjer at Deloitte kjem med eit forslag til prosjektplan. Forslag til prosjektplan skal sendast ut til kontrollutvalet via sekretariatet, og oppsummering av synspunkt på prosjektplan skal gjerast ved kontakt på telefon og mail. Utvalsleiar i samråd med sekretariat får deretter fullmakt til å godkjenna prosjektplanen, slik at Deloitte kan starta arbeidet i 2017. Vedtak som vart fatta var samrøystes.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av innkjøpsarbeid i Samnanger kommune.
2. Deloitte vert beden om å levera forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, evnt. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan vert å levera til sekretariatet seinast innan 11.12.17. Etter å ha innhenta synspunkt frå kontrollutvalet via sekretariatet, får utvalsleiar i samråd med sekretariat fullmakt til å godkjenna prosjektplanen.

PS 40/17 Interimsrevisjonsrapport 2017 for Samnanger kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimsrevisjon 2017 frå Deloitte til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.12.2017

Handsaming i møtet:

Partner Unni-Renate Moe presenterte oppsummering etter interimsrevisjon. Kontrollutvalet merka seg dei funn som kjem fram i oppsummeringa, og korleis oppfølging av desse punkta vil bli arbeidd vidare med. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimsrevisjon 2017 frå Deloitte til orientering.

PS 41/17 Referatsaker

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.12.2017

Handsaming i møtet:

Desse referatsakene vart gjennomgått:

- RS 21/17 – Utvalet sitt kvarter.
Det var ingen saker å ta opp under utvalet sitt kvarter.
- RS 22/17 – Melding om endring av revisjonsteam i kommunar.
Gjennomgått og teke til orientering.
- RS 23/17 – Rekneskapsoversyn kontroll og tilsyn pr. 23.11.17.
Gjennomgått og teke til orientering. Kontrollutvalet merka seg at det vil vera midlar til overs på inneverande budsjett (for 2017). Evt. overføring av ledige midlar til 2018 vil kontrollutvalet koma tilbake til når endeleg rekneskap for kommunen for 2017 ligg føre.
- RS 24/17 – Invitasjon til NKRF sin kontrollutvalgskonferanse.
Ingen vert påmeldt frå Samnanger kommune.

Vedtak:

Referatsakene vart samråystes teke til orientering.

Vedr. RS 23/17 – Kontrollutvalet vil ta stilling til evt. å søka om overføring av ubrukte midlar frå budsjett for 2017 til 2018 når endeleg rekneskap for kommunen ligg føre.

PS 42/17 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.12.2017

Handsaming i møtet:

Aktuelle møteprotokollar vart gjennomgått. Det var ikkje saker ein ville be om meir informasjon om nå. Forslag til vedtak vart samråystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

PS 43/17 Eventuelt

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.12.2017

Handsaming i møtet:

1. Sekretariatet tok opp at det vil vera aktuelt å be om orientering for stoda vedr. arbeid med oppfølging etter forvaltningsrevisjon av internkontroll på neste møte. Kontrollutvalet var samd i dette.
2. Til neste møte vil det og vera aktuelt å legga fram sak om byggerekneskapar for bibliotek og VA-anlegg på Bjørkheim. Kontrollutvalet ber om at det vert førebudd sak om dette til neste møte.
3. Dato for første møte i 2018 vart drøfta, og møtedato vert mandag 12. februar 2018.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber om at det vert førebudd orienteringssak til neste møte vedr. stoda for arbeid med oppfølging etter forvaltningsrevisjon av internkontroll.
2. Kontrollutvalet ønskjer og at sak vedr. byggerekenskapar for bibliotek og VA-anlegg på Bjørkeheim vert sett opp som sak til neste møte.
3. Møtedato for første møte i kontrollutvalet på nyåret vert 12.02.2018.